



VINJE

SOLBERG VVS- OG LANDBRUKSTJENESTER
Gåserudvegen 25
3825 LUNDE
Att.Bård Solberg

Dato:19.11.2025
Vår referanse: 2025/8029-6
Sakshandsamar:Kjell Negarden

151/35 - Utsleppsløyve - Gråvatn - Åsbogdalen

Tiltak: Nytt utvendig anlegg for vann og avløp - Gråvatn
Tiltakets adresse: Åsbogdalen 29, 3864 RAULAND
Eigedom: 151/35
Tiltakshavar: RUNE HUSE
Ansvarleg søkjar: SOLBERG VVS- OG LANDBRUKSTJENESTER
Bruksareal:
Bebygd areal:
Bruttoareal:

Delegert vedtak: 215/25

Vedtak

Tiltak: Utslepp – Gråvatn
Type anlegg: Prefabrikkert gråvassanlegg type Odin GVR-1
Storleik utslepp: 5pe, 1 fritidsbustad
Utsleppsstad: Stadeigne massar
Infiltrasjon: 20 meter grøft i stadeigne / tilkjøyrde massar
Prøvetakingskum: Det skal vera lagt til rette for prøvetaking av innløp og utløp.
Plassering av desse vissast på kart.
Utsleppskrav: Det er krav til 75% reinsing av Tot P og 90% reinsing av BOF.
Tømmefrekvens: Anlegget skal tømmast kvart 2. år.

A. De har fått løyve til utslepp av avløpsvatn frå anlegg som beskrive over. Søknaden er godkjent. Sjå også vilkår i kap. 4 i løyvet og vedlagte standardkrav i forureinings-forskrifta.

**B. Det vert gjeve administrativ dispensasjon frå plankrav der det ligg føre.
Det er tillate med utslepp av gråvatn.**

C. Ansvarsrett i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4, § 23-5 og § 23-6 og saksutgreiing pkt 2.1:

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar		Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
SØK	Ansvarleg søkar	1	Solberg VVS	Orgnr: 995 542 315
PRO	Prosjektering avløpsanlegg	1	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket		Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
UTF	Utføring avløpsanlegg	1	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053

UTF = Ansvarleg utførande

1. Spesielle vilkår:

1. Anlegget skal dimensjonerast og utførast i samsvar med VA-Miljøblad 59 og VA-Miljøblad 60 eller tilsvarande.

2. Utsleppskrav og prøvetaking av anlegget:

1. Det er krav til 75% reinsing av Tot P og 90% reinsing av BOF.
2. Det skal vere lagt til rette for prøvetaking av innløp og utløp. Plasseringar av desse er vist på kart.
3. For minireinseanlegg skal det gjennomførast prøvetaking av avlaupsvatnet før og etter reinsing – i intervall som leverandøren fastset, men minst ei gong i året. Jordbaserte reinseanlegg/infiltrasjonsanlegg må installere peilerør i infiltrasjonsarealet.
4. Jordbaserte reinseanlegg/infiltrasjonsanlegg må installere peilerør i infiltrasjonsarealet.


3. Serviceavtale:

1. Kopi av avtale for service og rapportar gjennom året, skal ein sende til Vinje kommune innan 1. februar påfølgande år.
2. Ved endring av serviceavtale og/eller ny leverandør av service- og vedlikehaldstenester, må ein sende melding til kommunen om dette snarast.

4. Ferdigstilling av anlegg – søknad om ferdigattest.

1. Ein må ikkje ta i bruk anlegget før det føreligg ferdigattest (etter søknad).
2. Kopi av service-/vedlikehaldsavtale med godkjent firma må vera kommunen i hende før det vert gjeve ferdigattest.
3. Ein må dokumentere infiltrasjonsareal ved foto før det vert overdekt. Denne dokumentasjonen skal ligge ved søknad om ferdigattest.
4. Målsatt skisse over oppbygging av infiltrasjonsgrøft skal sendast inn så snart den er prosjektert.

5. Plassering av anlegget:



1. Bakgrunn

Referanse:

- Kommunedelplan Rauland med føresegner, planident 20060002. Arealføremål LNF.
- Hytta ligg i spreiddbygd område – næraste hytte/bustad ligg ca 50 meter unna.

Grunnlag for handsaminga er opplysningar gjeve i søknad registrert 10.11.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 10.11.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/5029-3 med vedlegg.

Vilkår for løyvet er at tiltakshavar skal etablere og drive utsleppet i samsvar med

- Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-3
- Lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn i Vinje kommune – FOR-2017-12-14-2215.

2. Føretak - Ansvar

- Erklæring om ansvarsrett oppgjve i mappe nr. 1, vedlegg nr. 15 – 16.

Søkar(ane) ser ut til å oppfylle krav til godkjenning etter PBL § 22-1 eller 22-3.

Naboar er varsla 18.09.2025.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

3. Tiltak

Tiltaket gjeld utslepp av gråvatn som skal reinsast i eit gråvassanlegg type Odin GVR-1 utan filterpose, og etterpolering i infiltrasjonsgrøft. Infiltrasjonsgrøfta er 20 meter, infiltrasjonsarealet er 20 m².

Filtergrøfta er utstyrt med inspeksjonsrør/prøvetakingsrør. Filtergrøfta er plassert på grunneigars eigedom, avtale om plassering er dokumentert.

Anlegget skal ikkje tilkoblast avløp frå vassklosett.

Anlegget skal monterast frostfritt eller frostsikrast ihht leverandøren av anlegget sine krav, og skal vera tilgjengeleg heile året for service og tilsyn.

Anlegget skal slamtømmast kvart andre år.

Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

4. Generelle vilkår i samsvar med lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustadar, fritidsbustadar og liknande i Vinje kommune (FOR-2017-12-14-2215)

- Anleggets eigar er ansvarleg for at anlegget fungerer i samsvar med søknad. Ved eventuell ureining er det forureinar sitt ansvar å utbetre anlegget.
- Jf. Forureiningslova § 11, fjerde ledd kan ein opne for å sjå større områder under eitt. Ved ei eventuell utbygging av kommunalt leidningsnett for vatn og avlaup, kan kommunen krevje tilkopling til kommunalt nett, jf. PBL §§ 27-1 og 27-2.
- Dersom arbeidet med anlegget ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve eller er innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet bort.

5. Gebyr

- Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.01.2010 (sist oppdatert 01.01.2025) for byggesakshandsaming:

Løyve til tiltak – utslepp av gråvatn : 7.840,-

Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

6. Vurdering av søknad og konklusjon

- Det har ikkje oppstått konflikhtar i samband med handsaming. Næraste nabo, grunneigar, ligg 50 meter i frå. Vasskjelder er gjort greie for, og kjem ikkje i konflikt.
- Tiltaket kjem ikkje i konflikt med naturmangfaldet etter §7 i naturmangfaldlova. Forholdet til naturmangfaldslova vurderast som ikkje relevant.
- Anlegget vert plassera 30 meter frå mindre bekk, med heilårs vassføring. Sigeretning er mot bekk. Vassresipienten vert ikkje råka grunna avstand til gråvassanlegg.

Vilkåra etter PBL § 20-3 og Lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn for Vinje kommune (FOR-2017-12-14-2215) med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

7. Klage

De og aktuelle partar kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i pbl og forvaltningslova § 28. Klaga skal grunngjevast og de kan føre opp dei endringane de ynskjer. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Klaga sendast til Vinje kommune – postmottak@vinje.kommune.no eller Vinje kommune, Vinjevegen 192, 3890 VINJE.

Dersom nokon klagar på vedtaket, installerer de anlegget på eigen risiko. Kommunen kan bestemme at løyvet ikkje er gjeldande før klaga er avgjort. Kommunen si avgjerd om dette kan de ikkje klage på, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Kjell Negarden

Kjetil Midtgarden Vaagen

rådgjevar byggesak

konstituert kommunalsjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

1 Vedlegg utsleppsløyve

Mottakarakar:

SOLBERG VVS- OG LANDBRUKSTJENESTER

Kopi til:

RUNE HUSE